

# Møteprotokoll

**Utval:** Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Arbeidsutvalet  
**Møtestad:** Telefonmøte  
**Dato:** 09.04.2013  
**Tidspunkt:** Kl 14.00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	LEDER	
Oddmund Klakegg	MEDL	
Ola Tarjei Kroken	NESTL	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 3/13	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 4/13	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, Arbeidsutvalet - Søknad om snøskuterløyve - Oddvar Helgås		2013/1635

## ST 3/13 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Vedtak

Godkjent

## ST 4/13 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre, Arbeidsutvalet - Søknad om snøskuterløyve - Oddvar Helgås

### Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Arbeidsutvalet - 09.04.2013

#### Dokument i saka:

- Søknad om snøskuterkøyring frå Oddvar Helgås

#### Søknaden

Oddvar Helgås søker per e-post datert 8.4.2013 om å få nytte snøskuter til transport av materialar og utstyr til hytta si ved Vonagarden. Eigarane av hytta har tidlegare fått løyve av dåverande forvaltningsstyresmakt (Fylkesmannen) til å utvide denne hytta.

Søkjaren meiner det er behov for å køyre om lag 12 turar til hytta. Perioden det er snakk om å køyre er 12.4 – 27.4.2013. Ruta som er tenkt å køyre er frå parkeringsplassen ved Steinsbakken, opp til og over Vonavatnet, over nedre del av innmarka på Vonagardane, over den vesle elva som er grensa til landskapsvernområdet, og so opp bakken til hytta. Om lag 100 meter av denne ruta ligg inne i landskapsvernområdet.

#### Verneforskrift og regelverk

Verneforskrifta § 3 har reglar som regulerer motorferdsel i landskapsvernområdet. I følgje punkt 5.1 er motorferdsel forbode både på land og i vatn innanfor verneområdet. Punkt 5.3 opnar likevel for at forvaltningsstyresmakta kan gje dispensasjon til bruk av snøskuter til transport av varer til hytter og stølar. Dette løyvet er derfor heimla i verneforskrifta § 3 punkt 5.3:

*5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

*[...]*

*f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.*

I tillegg til løyve etter verneforskrifta må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og ein må ha løyve frå grunneigar der kor ein skal køyre.

#### Vurdering

Når det først er gjeve løyve til å utføre byggearbeid på ei hytte, so følgjer det naturleg med eit behov for å frakte materialar og utstyr til hytta. Det er då vanleg forvaltningspraksis at ein gjer løyve til slik transport, so lenge transporten ikkje er til skade for verneverdiar eller naturverdiar. Som vist har forvaltningsstyresmakta heimel i verneforskrifta til å gje løyve til slik transport.

Transport ved hjelp av snøskuter på snødekt mark er ein av dei mest skånsame måtane å drive transport i utmark på. Strekninga som skal køyrast inne i landskapsvernområdet er veldig kort (berre om lag 100 meter), og ein er ikkje kjend med at her er naturverdiar som vil ta skade av køyring på snødekt mark. Det har vore ein del aktivitet i dette området i vinter i samband med uttak av gran.

### **Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

Forvaltningsstyresmakta skal (jf. naturmangfaldlova (nml) § 7) vurdere alle vedtak opp mot nml §§ 8-12:

#### § 8 om kunnskapsgrunnlaget:

Forvaltningsstyresmakta ser det slik at ein har god kunnskap om tiltaket og dei effektar som det vil ha på naturmiljøet. Forvaltninga har erfaring med bruk av snøskuter frå tidlegare saker. I og med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, får ikkje § 9 om føre-var-prinsippet verknad i dette tilfellet.

#### § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Det er snakk om veldig kort strekning som skal køyrast inne i landskapsvernområdet, og det er heilt i utkanten. Sjølv om her har vore ein del motorferdsel i dette området i samband med skjøtsel tidlegare i vinter, vurderer ein den samla belastninga til å vere akseptabel. Sjå og vurderinga under § 12.

#### §11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

#### § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter på snødekt mark til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet.

### **Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidsutvalet til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Oddvar Helgås løyve til å bruke snøskuter til transport av materialar og utstyr inn til hytta ved Vonagardane.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for perioden 12.04 – 30.4.2013
- Løyvet gjeld for inntil 12 turar til hytta.
- Køyringa skal avgrensast til det som er naudsynt. Det skal ikkje køyrast fleire turar eller lenger rute enn det som er naudsynt for å få gjennomført transporten på ein praktisk måte.
- Løyvet gjeld ikkje rein persontransport.
- Dette løyvet skal vere med under køyring.
- Etter at løyveperioden har gått ut, skal køyringa rapporterast til verneområdeforvaltar.
- Søkjaren er sjølv ansvarleg for å ha naudsynte løyver frå grunneigarar og kommune på plass.

**Saksprotokoll i Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde -  
Arbeidsutvalet - 09.04.2013**

**Vedtak**

Arbeidsutvalet til Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har i telefonmøte 9. april 2013 fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg